

Vedlagt følger framlegg frå den hurtigarbeidande redaksjonsnemnda bestående av Øystein Erstad, Øyvind Vatshelle og Halvor Røyset. Lagsstyret og Rådet har ikkje hatt høve til å handsama framlegget enno.

Nemnda har hatt møte 24.02.2015 og gått gjennom tidlegare utkast til endringar og innspel som nemnda har fått. Nemnda har prøvd å samla flest mogleg av desse i vedlagde framlegg. Nemnda har i hovudsak gjort følgjande:

Føresegnene for Reservefondet er radikalt endra og forenkla:

- Avvikla Fonds- og Egedomsstyret
- Forenkla reglane om KPI-regulering slik at det no berre er fonds- og bankinnskot (likvide midlar) ein skal freiste å oppretthalde verdien på. Dette gjer større fridom til å overføre renter til lagsdrifta. Dermed vert fondsrekneskapen redusert til eit rekneark på nokre få linjer.
- Lagsstyret får no ansvaret også for Reservefondet, dvs. at styret no har all økonomistyring. Ønskjer ein å gjere omplasseringar av midlar, skal dette først godkjennast av rådet.
- Rekneskapen for Reservefondet skal godkjennast i Rådet og ikkje på årsmøtet. Dette fordi vi framleis held fondet utanfor laget sitt hovudrekneskap
- Store løyvingar frå fondsmiddelen skal likevel framleis godkjennast av årsmøtet.

Rådet:

- Har ikkje gjort endringar i mandatet til rådet, dvs. framleis eit rådgivande og kontrollerande organ, men har lista opp ein del «skal/kan»-punkt.
- Har ikkje gjort endringar i samansetjing og storleiken av rådet
- Derimot skal no rådet vere Generalforsamling for Ervingen Langsbruk AS

Lagsstyret:

- Ansvar for Lagshytta (men har framleis eiga hyttenemnd til å ordna det praktiske)
- Ansvar for Reservefondet